



Handlingsplan for Inn på tunet

Hordaland 2009 - 2012



Føreord

Inn på tunet (IPT) er eit begrep som vert brukt om tenesteproduksjon frå landbruket til ålmenta, for personar med spesielle behov. Storsamfunnet har mange utfordringar, og Inn på tunet tenester kan være ein del av svaret på desse utfordringane. Inn på tunet kan være ein ikkje-institusjonsprega arena for betre livskvalitet, meistring og gode opplevingar i samspel med andre menneske og dyr.

I denne handlingsplanen har vi ein visjon: ***Garden for alle!***

I Hordaland har desse tenestene vore tilgjengeleg i fleire kommunar, men det er ei utfordring å gjere begrepet betre kjent. Handlingsplanen for Inn på tunet skisserer utfordringa i dette arbeidet og dei mål og tiltak som er planlagt framover for å sette fokus på arbeidet og få på plass fleire gode og kvalitetssikra Inn på tunet tenester i fylket.

Medverkande i utarbeidinga:

Fylkesmannen i Hordaland Helseavdelinga	Beate Helland, Mette Marit Stark
Fylkesmannen i Hordaland Utdanningsavdelinga	Kjellbjørg Lunde, Hanne Melander
Fylkesmannen i Hordaland Landbruksavdelinga	Åse M Vaag, Eli J Fosso, Toril M Mulen
Innovasjon Norge	May Britt Otterlei
NAV Hordaland	Rune Hove Hansen, Jan Jørgensen
Kommunal landbruksforvaltning Fjell kommune	Espen Elstad
Hordaland Bondelag	Marta B Meland, Solveig Lilletvedt
Hordaland Bonde- og småbrukarlag	Erik Krohn-Hansen
Fagforum Inn på tunet Hordaland	Marianne Haugland

Innholdsliste

1. Samandrag
2. Nasjonale og regionale føringar
3. Status for Inn på tunet i Hordaland
4. Utfordringar samt visjon og mål for arbeidet med Inn på tunet
5. Strategiar, tiltak og ansvarsfordeling
6. Oppfølging av handlingsplanen

1.0 Samandrag

Bakgrunn

Landbruket representerer ressursar langt ut over produksjon av mat og råvarer. Inn på tunet-tenester er eit døme på dette. I jordbruksoppgjeret 2006 vart det gjort ei bestilling til fagleg møtearena hos Innovasjon Norge på utarbeiding av handlingsplan for Inn på tunet-næringa for å stimulere til ytterlegare bruk av landbruket sine unyttta ressursar innan dette området.

Hausten 2007 vart nasjonal handlingsplan for Inn på tunet lagt fram. Handlingsplanen er utarbeidd av Innovasjon Norge på bestilling frå Landbruks- og matdepartementet. Denne handlingsplanen oppmodar fylkesmennene om å utarbeide eigne regionale handlingsplanar for Inn på tunet.

Definisjon av Inn på Tunet

På www.innpaaturnet.no finn ein definisjon på omgrepet Inn på tunet. Inn på tunet er tilrettelagte tenester på gardsbruk som omfattar tilbod til alle aldersgrupper. Dette er i hovudsak tenester som skjer i nært samarbeid med oppvekst/skule, helse/omsorg og rehabilitering/arbeid.

Gjennomføring

Fylkesmannens landbruksavdeling inviterte representantar frå Fylkesmannens helseavdeling og utdanningsavdeling, NAV Hordaland, Innovasjon Norge, Fjell kommune, Hordaland Bondelag, Hordaland Bonde- og småbrukarlag og Fagforum Inn på tunet Hordaland til møte i Bergen 16. januar 2009 til samarbeid om utarbeiding av regional handlingsplan for Inn på tunet Hordaland.

Status

Medio august 2009 har Fagforum Inn på tunet Hordaland 62 medlemmer. Det er også ei handfull andre bønder med utgangspunkt i ressursane på garden som sel tenester til skule/oppvekst, helse/omsorg og rehabilitering/arbeid. Det er framleis store uløyste behov i samfunnet der tenestene kan etterspørrast mellom anna frå Inn på tunet tilbydarar.

Hovudutfordringar

- Samarbeid og koordinering på mange nivå:
 - styrke relasjonane mellom skule/oppvekst, helse/omsorg og rehabilitering/arbeid og tilbydarar av Inn på tunet-tenester for betre nytting av ressursen som landbruket representerar
- Avtaleverk:
 - viktig at rettane til brukarane av Inn på tunet tenester vert ivareteke i forhold til lover og retningslinjer
- Avtaleverk:
 - viktig at avtale mellom Inn på tunet tilbydar og kjøpar er utforma slik at bonden kan utvikle og kvalitetssikre tiltaket føreåt

2.0 Nasjonale og regionale føringer

2.1 Nasjonale føringer

Det er ei rekkje dokument der omgrepet Grøn omsorg eller Inn på tunet er omtala eller nemnt. Her tek vi med ei oversikt over desse med aktuelle sitat:

Landbruks- og matdepartementet

- **Handlingsplan for Inn på tunet (september 2007)**

Den nasjonale handlingsplanen for Inn på tunet er utvikla av møtearena Inn på tunet i Innovasjon Norge og deretter godkjent av departementet.

- **Kunnskapsstatus og forskningsbehov for Inn på tunet (juni 2008)**

Rapporten er utarbeidd etter oppdrag frå Landbruks- og Matdepartementet på vegne av Forskningsrådet, Innovasjon Norge, NAV og Statens landbruksforvaltning.

- **St.prop. nr 1 (2006-2007)** Under punkt 1.3 Hovudelement i landbruks- og matpolitikken:

”Samla sett er det ein stor tenesteproduksjon i landbruket ut over den tradisjonelle landbruksproduksjonen. Dette femner om grønt reiseliv, *Inn på tunet-tiltak* og andre tiltak for velferd og folkehelse som gjennomførast i tilknytning til landbruket. Slik verksemd utgjer ein viktig del av inntektsgrunnlaget på mange gardsbruk og departementet legg opp til å forsterke innsatsen på dette området”.

- **St. prop. Nr 1 (2007-2008)** Under punkt 1.3 Hovudelement i landbruks- og matpolitikken:

”Inn på tunet-tenester bør bli ein viktig og prioritert del av tenestetilbodet innan helse-, omsorgs- og utdanningssektoren. Dette blir no følgt opp gjennom m.a. kvalitetssikringssystem og auka kunnskap og kompetanse i næringa”.

Landbruks- og matdepartementet sin strategi for næringsutvikling (2007 – 2009):

- **Ta landet i bruk!**

”Inn på tunet” er et begrep som brukes om tjenesteproduksjon fra landbruket som innbefatter tilbud til allmennheten, eller personer med spesielle behov, om meningsfylte aktiviteter, arbeidstrening, mestringsopplevelser og læring gjennom praktiske opplevelser. Det er mange ulike tilbud som omfattes av begrepet og tjenestene kan i like stor grad leveres i tilknytning til skog og utmark som inne på tunet. ”Inn på tunet” har som mål at både brukere, kommuner og bønder skal ha utbytte av å gå inn i et tverrfaglig samarbeid ved at gårder blir tilrettelagt for tilbud innen opplærings-, helse- og sosialsektoren.”

Helse- og omsorgsdepartementet

- **Handlingsplanen for fysisk aktivitet (2005-2009)**

”...som ledd i oppfølgingen innen sosial- og helsetjenesten kan det være aktuelt å videreutvikle den *grønne omsorgen* i landbruket slik at flest mulig potensielle brukergrupper får et tilbud om aktivisering på gardsbruk.” (s. 66)

- **St. meld nr 25 (2005-2006) Mestring, muligheter og mening. Framtidas omsorgsutfordringer**

”Grønn omsorg handler om meningsfylt hverdag, aktivitet og arbeid tilpasset ulike behov for gården som utgangspunkt. Gården tilrettelegges for opplæring og tilbud innen helse- og sosialsektoren og kan tilby meningsfylte aktiviteter, mestringsopplevelser og læring gjennom praktiske og sansefylte opplevelser” (s. 103)

Sosial og helsedirektoratet IS-1332 (2005)

”Inn på tunet er et tiltak der gårder tilrettelegges for opplærings- samt helse- og omsorgssektoren. Meningsfylte aktiviteter uten arbeidspress, tilrettelagt for læring og mestring gjennom praktiske og sansefylte opplevelser tilbys” (s. 20)

2.2 Regionale føringar

Regionalt utviklingsprogram for Hordaland 2009

Hovudutfordringane for å nå målet om livskraftige lokalsamfunn er tiltrekkingskraft og utviklingskraft: ”kulturmiljø, gardsturisme, landskapsrestaurering og grøn næringsutvikling som innsats i reisemåls- og bygdeutvikling – td. gjennom arbeidet med Landskapsparkar.”

Regional næringsstrategi for landbruket i Hordaland (2007 – 2009)

I Inn på tunet er det viktig å få riktig pris til tenesta ein tilbyr. Det er og viktig for å få til langsiktige ordningar at tiltaka ligg inne i budsjettet hos kjøpar, og ikkje er ein ekstrapost som lett kan strykast.

Kommunale planar

Regional satsing på utvikling og kvalitetssikring av Inn på tunet-tenester høyrer heime i kommunale planar.

Inn på tunet-løftet er lansert av Landbruks- og Matdepartementet hausten 2009 for å aktivere nytenking og ikkje minst tverrsektorielt utviklingsarbeid i kommunane. Målet er å styrke kommunane sin kapasitet og kompetanse til å drive utviklingsarbeid innanfor Inn på tunet, og forankre Inn på tunet i kommunale planar og strategiar.

3.0 Status for Inn på tunet

3.1 Omfanget av Inn på tunet i Hordaland

3.1.1 Fagforum Inn på tunet Hordaland

Hordaland er rekna som eit føregangsfylke sett landet under eitt. Ein var tidleg ute med sal av Inn på tunet tenester, og ein har mangeårig erfaring å vise til både innan ferie og fritidstilbod, bruk av garden som pedagogisk ressurs, arbeidstrening og tenester for helse- og sosial sektor. Hordaland var eit av dei første fylka som danna Fagforum Inn på tunet. Fagforum Inn på tunet er ei nettverksgruppe der medlemmene er Inn på tunet-tilbydarar. I medio august 2009 har Fagforum Inn på Tunet Hordaland 62 medlemmer.

Det er 11 gardsbruk i Hordaland som tilbyr aktivisering og arbeidstreningstilbod i kommunane Austrheim, Bergen, Etne, Fjell, Kvam, Kvinnherad, Osterøy og Voss.

Det er 26 gardsbruk i Hordaland som tilbyr tenester til skuleklassar, grupper og einskildelevar i kommunane Bergen, Bømlo, Fjell, Fusa, Kvam, Kvinnherad, Lindås, Radøy, Sveio og Voss.

Det er 12 gardsbruk som tilbyr tenester for barn og unge i form av helg, ferie og fritidstilbod i kommunane Bergen, Fjell, Fusa, Kvam, Sveio og Vaksdal.

Det er 6 gardsbruk som tilbyr tenester for barnehagebarn i form av anten å være gardsbarnehage eller ta mot barnehagebesøk i kommunane Bergen og Stord.

Det er 2 gardsbruk som tilbyr dagsenter for personar med demens i Bergen kommune.

3.1.2 Andre tilbydarar av Inn på tunet-tenester

I tillegg til Inn på tunet tilbydarar som er medlemmer i Fagforum, har vi også bønder som tilbyr liknande tenester utan å være medlemmer i Fagforum.

Vi har også mange bønder som er i startgropa og under opparbeiding av Inn på tunet tenester.

3.2 Kjøparar av Inn på tunet-tenester

Dei som kjøper Inn på tunet tenester er hovudsakleg kommunane, innan sektorane skule/oppvekst, helse/omsorg og NAV innan rehabilitering/arbeid.

3.3 Døme på aktivitet i Hordaland

3.3.1 Prosjekt

Prosjektet Grønt i skulen

Fylkesmannen si landbruksavdeling har sidan 2005 støtta eit utval barne- og ungdomsskular med midlar slik at dei kan få prøve ut bruk av garden som ein allmennpedagogisk ressurs. Det første skuleåret var Helse- og Utdanningsavdelinga hos Fylkesmannen også samarbeidspartnar. Ein del av midlane vi har formidla ut til skular i Hordaland har vi fått gjennom Landbruks- og matdepartementet si satsing på å vidareutvikle tilbodet av sunn, lokal og økologisk mat til barn og unge. Vi har kalla prosjektet for Grønt i skulen. Elevane får tilpassa oppgåver på garden og får høve til å føle på gleda av meistring - og auka læreevne og lærelyst gjennom praktisk arbeid.

Dagsentertilbod for demente på gard

Helse- og landbruksavdelinga hos Fylkesmannen har støtta prosjekt iverksett desember 2008 i Bergen kommune der personar i tidleg fase av demens får tilbod om dagsenteraktivitetar på Sæthregården i Åsane. Hausten 2009 starta også Hauglandstræ gard i Fana med dagsentertilbod. Bergen kommune ynskjer å gå frå prosjektfase til ordinær drift av dagsenter på gard for demente i 2010.

Arbeidspraksis i skjerma verksemd

Personar som i lengre tid har vore utanfor ordinært arbeid kan gjennom NAV få tilbod om arbeidspraksis i skjerma verksemd. Gardsbruk kan være ein god stad å byrje på vegen tilbake til ordinært arbeidsliv. Det er varierte og meiningsfylte arbeidsoppgåver på eit gardbruk. Det er også lett å tilpasse utfordringane til kvar einskild utifrå dagsform og evner. Ulveseth tunet aktivitetsgard i Fjell kommune inngjekk hausten 2008 eit samarbeid med ÅstvedtGruppen og NAV om tilrettelegging av arbeidspraksis i skjerma bedrift. Tiltaket vert kalla APS Grønt arbeid Ulveseth tunet.

Kvalitetssikringsprosjektet

Hausten 2008 vart det sett i verk eit kvalitetssikringsprosjekt for Inn på tunet som har som mål å utvikle eit felles, nasjonalt praktisk verkty for kvalitetssikring av Inn på tunet. Kvalitetssikringsprosjektet er eit samarbeid mellom KS, KSL Matmerk og Norges Bondelag. Vi har eit medlem frå Hordaland Bondelag som tek del i arbeidsgruppa for KSL-prosjektet. Fleire IPT-tilbydarar i Hordaland har også meldt at dei kan fungere som pilotar for KSL-prosjektet.

3.3.2 Forsking og evalueringsrapportar

Forsking og evalueringsrapportar

Universitetet for Miljø og Biovitenskap på Ås har på oppdrag frå Landbruks- og Matdepartementet og på vegne av Forskningsrådet, Innovasjon Norge, NAV og Statens landbruksforvaltning utarbeidd ein rapport som skildrar "kunnskapsstatus og forskningsbehov for Inn på tunet". Denne er viktig for å gje ei samlande oversikt over kva det til no er forska og gjort utgreiingsarbeid på innan Inn på tunet, og kvar det enno er eit behov for nærmare undersøkingar.

Høgskolen i Bergen utarbeidde hausten 2007 ein evalueringsrapport for samarbeid skule-gard på oppdrag frå Fylkesmannen si landbruksavdeling og Innovasjon Norge, begge Hordaland.

Den beste dagen på mange år...

Nasjonalt kompetansesenteret for aldring og helse gjennomførte i 2003 – 2006 eit prosjekt med "Dagsentertilbod for personar med demens på gard" der Elin H. Aarø Strandli var prosjektleiar. Ho har også skrive boka "Den beste dagen på mange år.." som tek opp erfaringar i prosjektet. Kvam var ein av fem kommunar som tok del. Erfaringane frå prosjektet var mange, og ein har i etterkant slege fast at aktiviseringstilbod for personar i tidleg fase av demens på gardsbruk kan utsette behovet for institusjonsinnlegging med opptil eitt år. Bergen kommune er deltakar i vidareføringa av prosjektet "Dagsentertilbod for personar med demens på gard, med moglegheit for overnatting" i regi av nasjonalt kompetansesenter for aldring og helse. Dette tilbodet starta i januar 2009.

3.3.3 Kurs og kompetanseheving

Garden Som Pedagogisk Ressurs (GSPR)

Fylkesmennene i Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal fylke har gått saman om å kjøpe kurs i Garden Som Pedagogisk Ressurs frå Universitetet for Miljø og Biovitenskap (UMB). I 2009 er det første gongen dette kurset i regi av UMB vert gjennomført på Vestlandet. Det er 38 lærarar og bønder som tek del på kurset som tel 30 studiepoeng. Det er planar om å kunne tilby liknande kurs i nær framtid, men då gjerne i regi av lokalt tilknytta høgskular.

4.0 Utfordingar i forhold til eksisterande Inn på tunet-tenester

Dei eksisterande Inn på tunet tenester ser vi fordeler seg på ulike grupper:

- Garden som ressurs for arbeid og psykisk helse
- Garden som ressurs for barnevern
- Garden som ressurs for arbeidslivsmeistring
- Garden som ressurs for helse og omsorg
- Garden som pedagogisk ressurs for skule og barnehage

I vårt fylke er det størst aktivitet knytta til bruk av garden som pedagogisk ressurs.

Hovudutfordring innanfor eksisterande Inn på tunet-tenester:

- Samarbeid og koordinering på mange nivå:
 - styrke relasjonane mellom skule/oppvekst, helse/omsorg og rehabilitering/arbeid og landbrukssektoren for betre nytting av ressursen som landbruket representerar
- Avtaleverk:
 - viktig at rettane til brukarane av Inn på tunet-tenester vert ivareteke i forhold til lover og retningsliner
- Avtaleverk:
 - viktig at avtale mellom Inn på tunet-tilbydar og -kjøpar er utforma slik at bonden kan utvikle og kvalitetssikre tiltaket føreåt

Andre utfordringar ser vi vil verte meir interessante framover i tid. Her har Inn på tunet-tenester vekstpotensiale:

- Garden som avlastnings-, aktivitets- og dagsenter for personar i tidleg fase av demens
- Garden som ressurs for flyktningar både når det gjeld språk, kultur og arbeidserfaring
- Garden som ressurs for kriminalitetsførebyggande tiltak og ettervern
- Garden som ressurs for arbeidstrening i skjerma verksemd

4.1 Visjon og mål for arbeidet med Inn på tunet

Inn på tunet er tenesteproduksjon tufta på gardsbruket sine ressursar og bonden som arbeidsleiar og tilretteleggar.

Inn på tunet er tilrettelagte tenester som omfattar tenester til alle aldersgrupper. Dette er i hovudsak tenester som foregår i nært samarbeid med oppvekst/skule-, helse/omsorg- og rehabilitering/arbeidssektor.

4.1.1 Visjon

Visjonen i Hordaland for Inn på tunet er: ***Garden for alle!***

4.1.2 Mål

1) Auka lønnsemd gjennom gode avtalar og kvalitetssikra tenester innanfor skule/oppvekst, helse/omsorg og rehabilitering/arbeid.

2) Nytte potensialet og ressursen landbruket representerar for å betre menneske sin livskvalitet og meistring innan skule/oppvekst, helse/omsorg og rehabilitering/arbeid.

5.0 Strategiane mot år 2012

Ut frå framtidige utfordringar og mål vil vi satse på følgjande strategiar:

Strategiane mot år 2012

1. Arbeide for betre økonomiske rammevilkår for Inn på tunet-tilbydaren
2. Bidra til auka verdiskaping
3. Bidra til spreining av kunnskap om dei gode eksempla og forskingsresultat
4. Bidra til kvalitetssikring av einskildaktørar gjennom å knyte dei til rettleiing og utdanning
5. Initiere relevant forskning
6. Bidra til kunnskap om Inn på tunet-tenester mot kjøparsida
7. Leggje til rette for læring og erfaringsoverføring
8. Følgje opp marknadsutviklinga og være oppdatert på etterspurnaden etter Inn på tunet-tenester
9. Etablere ein stabil og langsiktig etterspurnad etter Inn på tunet-tenester
10. Bygge nettverk og arenaer mellom kundar og tilbydarar

Oppfølging og tiltak

Med utgangspunkt i dei valde strategiane foreslår vi følgjande oppfølging/tiltak:

- 1. Arbeide for betre økonomiske rammevilkår for Inn på tunet-tilbydaren**
 - Følgje opp og støtte initiativ frå etablerte Inn på tunet-tilbydarar
 - Vurdere å setje i verk stimulerande tiltak i forhold til større breidde i Inn på tunet-tenestene
 - Synleggjere dei økonomiske moglegheitane ved satsing på Inn på tunet i landbruket
- 2. Bidra til auka verdiskaping**
 - Synleggjere økonomiske mogleikar ved bruk av Inn på tunet-tenester som supplement innanfor skule/oppvekst, helse/omsorg og rehabilitering/arbeid
- 3. Bidra til spreining av kunnskap om dei gode eksempla og forskingsresultat**
 - Spreie informasjon gjennom nettverk, nettsider og andre media
- 4. Bidra til kvalitetssikring av einskildaktørar gjennom å knyte dei til rettleiing og utdanning**
 - Tilrettelegge kurs og kompetanseheving for nyetablerarar og Inn på tunet-tilbydarar som ynskjer bedriftsutvikling, og innanfor ulike fagområder
 - Rettleie og støtte opp om nye og etablerte Inn på tunet-tilbydarar
- 5. Initiere relevant forskning**
 - Bidra til auka forskning innan fagområdet Inn på tunet
 - Løfte fram døme frå Hordaland i forhold til relevant forskning
- 6. Bidra til kunnskap om Inn på tunet tenester mot kjøparsida**
 - Bringe Inn på tunet inn i kommunale planprosessar
 - Informere gjennom nettsider, andre media, nettverk, konferansar og andre konkrete aktivitetar

- Inn på tunet-løftet i kommunane kan aktivere nytenking og tverrsektorielt utviklingsarbeid i kommunane

7. Leggje til rette for læring og erfaringsoverføring

- Legge til rette for læring og erfaringsoverføring gjennom lokale kurs og nettverksgrupper
- Bidra til at Inn på tunet-arenaer kan brukast som praksisplass for studentar og elevar
- Tettare samarbeid med lokale høgskular for betre regional forankring av kurs og kompetanseheving ved bruk av garden som ressurs for skule og opplæring

8. Følgje opp marknadsutviklinga og være oppdatert på etterspurnaden etter Inn på tunet-tenester

- Jobbe mot kommunane
- Synleggjere dei gode tenestene
- "Inn på tunet-løftet"

9. Etablere ein stabil og langsiktig etterspurnad etter Inn på tunet-tenester

- Utarbeide malar for gode avtalar

10. Bygge nettverk og arenaer mellom kundar og tilbydar

- Studieturar
- Konferansar
- Kurs

Tiltaka refererer direkte til punkta på førre side og er her berre nemnd som stikkord

Tiltak 1	Ansvar	Tidsfrist
Følgje opp initiativ frå etablerte IPT-tilbydarar	Kommunal landbruksforvaltning Fylkesmannens landbruksavd	Kontinuerleg
Større breidde i IPT-tenestene	Kommunal landbruksforvaltning Fylkesmannens landbruksavd	Kontinuerleg
Synleggjere økonomiske moglegheiter	Kommunal landbruksforvaltning Fylkesmannens landbruksavd	Kontinuerleg

Tiltak 2	Ansvar	Tidsfrist
Økonomisk vinst ved bruk av IPT	Fylkesmannens landbruksavd Fagforum IPT	Desember 2011

Tiltak 3	Ansvar	Tidsfrist
Spreie informasjon	Landbruks-, Helse- og Utdanningsavdelinga hos Fylkesmannen, NAV, Innovasjon Norge, faglag, kommunal landbruksforvaltning	Kontinuerleg

Tiltak 4	Ansvar	Tidsfrist
Kurs og kompetanseheving for nyetablerarar og IPT-tilbydarar	Landbruks-, Helse- og Utdanningsavdelinga hos Fylkesmannen, Innovasjon Norge	November 2010
Rettleie og støtte opp om IPT-tilbydarar	Kommunal landbruksforvaltning Fagforum IPT	Kontinuerleg

Tiltak 5	Ansvar	Tidsfrist
Forsking innan fagområdet IPT	Landbruks-, Helse- og Utdanningsavdelinga hos Fylkesmannen, NAV, Innovasjon Norge	Desember 2011
Døme frå Hordaland i forhold til relevant forskning	Fylkesmannens landbruksavdeling, Fagforum IPT	Desember 2011

Tiltak 6	Ansvar	Tidsfrist
IPT inn i kommunale planprosessar	Landbruks-, Helse- og Utdanningsavdelinga hos Fylkesmannen, Faglaga	Kontinuerleg
Informere	Fagforum IPT, Landbruks-, Helse- og Utdanningsavdelinga hos Fylkesmannen, Bondelaget, Bonde og småbrukarlaget NAV Innovasjon Norge Kommunal landbruksforvaltning	Kontinuerleg
IPT-løftet	Kommunal landbruksforvaltning Landbruks-, Helse- og Utdanningsavdelinga hos Fylkesmannen, Innovasjon Norge	Kontinuerleg

Tiltak 7	Ansvar	Tidsfrist
Læring og erfaringsoverføring gjennom lokale kurs og nettverksgrupper	Landbruks-, Helse- og Utdanningsavdelinga hos Fylkesmannen Innovasjon Norge	November 2010
IPT-arenaer som praksisplass	Landbruks-, Helse- og Utdanningsavdelinga hos Fylkesmannen	Desember 2011
Regional forankring av kurs og kompetanseheving knytta til bruk av garden som pedagogiske ressurs	Innovasjon Norge Fylkesmannens landbruksavd	Desember 2010

Tiltak 8	Ansvar	Tidsfrist
Jobbe mot kommunane	Fylkesmannens landbruksavd	Kontinuerleg
Synleggjere dei gode tenestene	Brukarar, kjøparar, Landbruks-, Helse- og Utdanningsavdelinga hos Fylkesmannen	Kontinuerleg
IPT-løftet	Kommunane	2010

Tiltak 9	Ansvar	Tidsfrist
Malar for gode avtalar	KSL-prosjektet	2010

Tiltak 10	Ansvar	Tidsfrist
Studieturar	Fylkesmannen, landbruk Fagforum IPT Hordaland	Desember 2011
Konferansar	Landbruks-, Helse- og Utdanningsavdelinga hos Fylkesmannen, NAV, Fagforum IPT Hordaland	November 2010
Kurs	Landbruks-, Helse- og Utdanningsavdelinga hos Fylkesmannen, Innovasjon Norge	November 2010

6.0 Oppfølging av handlingsplanen

Under kapittel 5 er det fastsett ansvar for dei einskilde tiltaka i handlingsplanen. Dette er retningsgjevande og det er ikkje sjølvsagt at det er dei som har ansvar for kvart tiltak som skal gjennomføre tiltaka. Representantar frå forvaltning, kjøpar- og tilbydarsida må ta ansvar for at planen vert gjennomført.

Handlingsplanen skal reviderast innan utgangen av 2012.